



Promenaden Eiendom as
v/Geir Vatnøy

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/27 - 17/25023

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

05.09.2017

Etterlyser "as built" teikningar og tømmeavtale for fettutskiljar - gbnr 188/534 Gjervik Ytre

Teknisk drift syner til tidlegare korrepondanse vedkomande manglande innsending av «as built» teikningar og tømmeavtale for fettutskiljaranlegg - gbnr 188/534 Promenaden.

Teknisk drift kan, per dags dato, ikkje sjå å ha motteke etterlyst dokumentasjon for utskiljaranlegg ved Promenaden. Innsendt ferdigmelding manglar «as built» teikning og det er ikkje sendt inn kopi av tømmeavtale med godkjent tømmefirma. For at Teknisk drift skal kunne godkjenne ferdigmelding må etterlyst dokumentasjon sendast inn.

Teknisk drift ber om at «as built» teikningar som viser leidningsnett frå kjøkken til utskiljaranlegg, samt kopi av tømmeavtale vert sendt inn omgåande. «As built» teikning skal vise alt som er ført på anlegg (oppvaskemaskin, utslagsvask etc). Tømmeavtale skal omfatte 4 tømningar og 2 temperaturlogger per år.

Vi gjer merksam på at det i løyve til å knytte fettutskiljar på kommunalt leidningsnett vart sett krav om innsending av denne dokumentasjonen:

- Det skal ligge føre **skriftleg avtale med godkjent tømmeoperatør**. Avtalen skal omfatte **minimum 4 tømningar og 2 temperaturlogger per år**. Tømmeoperatør kan òg ha rapportering til kommunen. Dette skal da komme fram av inngått avtale. **Kommunen skal, til ein kvar tid, ha kopi av gyldig tømmeavtale. Avtalen skal være signert av begge parter.**
- Ved ferdigmelding av anlegg skal det leverast inn «As built» teikningar og situasjonskart som viser tilknytingspunkt til kommunalt leidningsnett. Teikningane skal vise kva som er ført på anlegg. Teikningar og situasjonskart skal være i målestokk (M 1:500)

Teknisk drift har registrert at det er ei vesentleg endring i matproduksjon ved lokala. Det er i søknad om løyve til å knytte utskiljaranlegg på kommunalt leidningsnett ikkje gitt melding om denne endringa. Handtering av søknad er utført etter tidlegare produksjon i lokala.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Ved endringer i produksjon skal anlegg vurderast på nytt. Teknisk drift vil, i ei periode, ha ei tett oppfølging av anlegg for å sikre at dette kan handtere endringa. Teknisk drift ber om at temperaturlogger, samt tømmeseddel, vert sendt inn til kommunen straks desse ligg føre.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Promenaden Eiendom as